



Delårsrapport

1.kvartal 2025



VOSS SPAREBANK

vossabanken.no

Nykeltal I. kvartal 2025

(morbank)

26,2 mill.

Pr. 31.03. har banken eit **driftsresultat** før tap og skatt på kr 26,2 mill.

22,5 mill.

Pr. 31.03. har banken eit **resultat** etter tap og skatt på kr 22,5 mill.
Totalresultatet enda på kr 33,5 mill.

1.203 mill.

Banken sitt **eigenkapitalfond** er på kr 1.180 mill. Av dette utgjør teljande eigenkapital kr 1.017 mill.
Heile eigenkapitalen er rein kjernekapital.

31,7 %

Voss Sparebank er ein solid bank med ei rein **kjernekapitaldekning** på 31,7 %.

5.185 mill.

Banken har **innskot** frå kundane sine på kr 5.185 mill. Dette er fordelt med **22,9 %** frå bedrifter og **77,1 %** frå privatkundar.

5.577 mill.

Banken har **lånt ut** kr 5.577 mill. til kundane sine. Dette er fordelt med **25,7 %** til bedrifter og **74,3 %** til private.
Kr 257 mill av dette er overført til Verd Boligkreditt.

8,4 %

Innskotsveksten siste 12 månadane er på 8,4 %. Av dette ein auke frå bedrifter på **14,4 %** og ein auke på **6,8 %** frå privatkundar.

5,9 %

Det er ein **auke i utlån** Siste 12 månadane på 5,9 %.
Av dette **1,9 %** til bedrifter og **7,3 %** til privatkundar.
Veksten inkluderer endringar i lån overførde til Verd Boligkreditt.

6.762 mill.

Banken sin **rådveldekapital** var ved utgangen av I.kvartal 2025 på kr 6.762 mill. I tillegg til innskot frå kundar og eigenkapital, har banken finansiert kr 300 mill. i pengemarknaden.

46,7 %

Kostnader over inntekter
Pr. 31.03. var på **46,7 %**.

Delårsrapport 1. kvartal 2025

Kommentarar til rekneskapen og vidare utsikter for 2025

Voss Sparebank legg fram eit driftsresultat pr. 31.mars 2025 på kr 26,2 mill. med eit tilhøyrande resultat etter tap og skatt på kr 22,5 mill. Totalresultatet enda på kr 33,5 mill.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 31.03. var kr 42,3 mill., ei auke på kr 0,9 mill. samanlikna med same periode i fjor.

Det har vore eit stabilt kvartal for Voss Sparebank. Marknadsrentene har svinga noko gjennom perioden, medan styringsrenta har vore uendra. Rente forventningane har endra seg, som eit resultat av eit høgare innanlands prisnivå enn det som var forventa ved inngangen til året. Ein forventar no ein mindre nedgang i rentene gjennom 2026, enn det ein trudde ved inngang av året, og ikkje minst ligg nedgangen lenger fram i tid. Verda har vore prega av geopolitisk uro, og økonomisk har dette gitt seg utslag i børsar og kapitalmarknaden. Det er fyrst og fremst tollsatsar og handelshindringar som gjev grunn til uro for den økonomiske veksten. Det er framleis kostnadsvekst i banken, og spesielt IT og lisenskostnader har auka monaleg. Fleire årsverk og høge lønssoppgjer aukar løns- og administrasjonskostnadane. Overgang i frå DSS til Lokalbanksamarbeidet har medført nokre doble kostnader i perioden. Banken har hatt attendeføring av tidlegare avsetjingar for tap. Dette er ein periodiseringseffekt, og me ventar at tapskostnaden gjennom året vert om lag som normalt og forventa. Det er teikn til at den økonomiske aktiviteten i lokalsamfunnet tek seg opp, og soleis ventar banken ein fin vekst gjennom året på om lag 5 – 7 %. Dette gjeld både innskot og utlån. Voss Sparebank skal vera ein god bank for lokalsamfunnet, og me arbeidar kvar dag for å gje gode kundeopplevingar. Me tek mål av oss til å vera det naturlege fyrstevalet når det kjem til bank og banktenester på Voss

Rekneskapsprinsipp

Delårsrapporten er utarbeidd i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak kapittel 8 og IAS 34 Delårsrapportering.

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter: kr 42,3 mill.

Dette er ei auke på kr 0,9 mill. frå same periode i fjor. I høve middelveiden av banken sin rådveldkapital (MVR) utgjer dette 2,56 % mot 2,80 % i fjor. Renteinntektene på utlån sett i høve middelveiden av brutto utlån utgjer 5,88 % så langt i år, mot 5,95 % same periode i fjor. Rentekostnadane på innskot utgjer 2,83 % mot 2,84 % i same periode i fjor.

Netto andre driftsinntekter: kr 5,8 mill.

Dette er om lag som same periode i fjor (5,9 mill).

Driftskostnader: kr 22,0 mill.

Dette er 4,1 mill meir enn i fjor. Auken skuldast i hovudsak auka IT-kostnader og løn. I driftskostnadane ligg også 1,2 mill i finans- og formueskatt.

Resultat av ordinær drift før tap og skatt: kr 26,2 mill.

Pr 31.03.2025 har Voss Sparebank eit overskot før omframe postar, tap og skatt på kr 26,2 mill. (1,58 % av MVR), mot kr 29,3 mill. (1,91 %) året før. Dette utgjer ein reduksjon på kr 3,2 mill. Etter tap og skatt vart overskotet kr 22,5 mill. (1,36 % av MVR) mot kr 21,0 mill.(1,36 %) året før.

Tap på utlån

Sjå note 5 og 6 vedkomande tap og nedskrivingar på utlån og misleghaldne lån.

Rådveldkapital

Rådveldkapitalen pr. 31.03.2025 var på kr 6.762 mill. ei auke på kr 510 mill. (8,2 %) siste 12 månadanane.

Innskot frå kundar

Innskot frå kundar pr. 31.03.2025 utgjorde kr 5.185 mill., ei auke på kr 163 mill. (3,3 %) så langt i år.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar pr 31.03.2025 var kr 5.577 mill. inkl lån som er overført til Verd Boligkreditt. Av dette utgjer lån i Verd Boligkreditt kr 257 mill. Dette er ein auke på kr 65 mill. (1,2 %) så langt i år. Innskot frå kundar i % av brutto balanseførde utlån pr. 31.03.2025 utgjorde 97,5 %. Summen av innskot og eigenkapital utgjer 119,6 % av brutto balanseførde utlån. Samla nedskrivingar 0,65 % av brutto balanseførde utlån mot 0,99 % i fjor.

Verdipapir

Pr. 31.03.2025 var behaldninga av obligasjonar og sertifikat kr 524 mill., ei auke på kr 109 mill. siste 12 mnd. Det er i all hovudsak verdipapir med kort restløpetid som ligg i denne behaldninga.

Eigenkapital og kapitaldekning

Banken sin teljande eigenkapital pr 31.03.2025 var på 1.017 mill.kr. (15,2 % mot uvekta balanse). Pr 31.03.2025 var banken sin kapitaldekning 31,7 %, 31.03.2024 var den 29,1 %. Lovkravet er minimum 8 % av berekningsgrunnlaget pluss ulike bufferkrav. Kapitaldekninga vert utrekna etter Finanstilsynet sine forskrifter. Sjå note 7.

Likviditet

Likviditetssituasjonen til banken er god. Summen av innskot i Noregs Bank og kontantbehaldning er om lag kr 402 mill. I tillegg står lag kr 230 mill. i oppgjersbank. Vidare utgjer behaldninga av sertifikat og obligasjonar om lag 524 mill. kr. Banken har om lag kr 1.156 mill. i kundeinnskot ut over Bankenes Sikringsfond si grense på kr 2 mill. pr innskytar. Innskot frå dei 10 største innskytarane våre utgjer om lag kr 189 mill. LCR pr 31.03.2025 var 658 %. Minstekravet frå styresmaktene er 100 %. Sjå note 9 for informasjon om banken sine innlån i pengemarknaden.

Misleghald

Misleghaldsnoten syner både engasjement med individuelle avsetjingar for tap, misleghaldne engasjement over 90 dagar, engasjement med betalingslette og engasjement med vesentleg endring i kredittrisiko etter IFRS 9 (trinn 3). Sjå note 5.

Tal i heile tusen kroner

	Notar	Morbank			Konsern		
		31.03.2025	31.03.2024	2024	31.03.2025	31.03.2024	2024
Resultatrekneskap							
renteinnt. og liknande inntekter							
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av utlån til og fordringar på kred.inst. og finansforetak		6.249	5.196	23.160	6.249	5.196	23.160
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av utlån til og fordringar på kundar		76.233	73.364	302.019	76.233	73.364	297.871
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av renteberande verdipapir		6.326	5.434	23.796	6.326	5.434	23.796
Sum renteinnt. og liknande inntekter		88.808	83.994	348.975	88.808	83.994	344.827
Rentekostnader og liknande kostnader							
Rentekostnader rekna etter eff. rentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		41.318	37.161	153.821	41.318	37.161	153.718
Rentekostnader rekna etter eff. rentemetoden på utsteda verdipapir		4.333	4.360	17.130	4.333	4.360	17.130
Øvrige rentekostnader	Note 10	837	1.075	4.062	837	1.075	3.066
Sum rentekostnader og liknande kostnader		46.488	42.596	175.013	46.488	42.596	173.914
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		42.320	41.398	173.962	42.320	41.398	170.913
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.297	3.789	13.704	3.297	3.789	13.704
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		583	608	2.301	583	608	2.301
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		2.059	2.220	10.969	2.059	2.220	10.969
Inntekt av eigarinteresser i konsernselskap		0	0	-219	0	0	0
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument		1.044	471	2.224	1.044	471	2.224
Andre driftsinntekter		0	0	0	0	0	1.332
Netto andre driftsinntekter		5.817	5.872	24.377	5.817	5.872	25.928
Sum driftsinntekter		48.137	47.270	198.339	48.137	47.270	196.841
Løn og andre personalkostnader		9.163	6.899	31.958	9.163	6.899	31.958
Andre driftskostnader	Note 10	11.930	10.137	37.194	11.891	10.062	38.546
Av-/nedskrivningar og vinst/tap på ikkje-finansielle eignelutar	Note 10	886	886	3.542	886	886	1.988
Sum driftskostnader		21.979	17.922	72.694	21.940	17.847	72.492
Resultat før tap		26.158	29.348	125.645	26.197	29.423	124.349
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 6	-3.391	1.606	5.653	-3.391	1.606	5.653
Driftsresultat før skatt		29.549	27.742	119.992	29.588	27.817	118.696
Skatt på resultat frå vidareført verksemd		7.000	6.750	29.114	7.000	6.750	28.758
Resultat av ordinær drift etter skatt		22.549	20.992	90.878	22.588	21.067	89.938
Andre inntekter og kostnader							
Andre inntekter og kostnader som ikkje vil verta omklassifisert til resultat							
Verdiendr. i investeringar i EK-instrument rekneskapsført til verkeleg verdi over utv. resultat		10.811	3.650	20.020	10.811	3.650	20.020
Sum postar som ikkje vil verta omklassifisert til resultat		10.811	3.650	20.020	10.811	3.650	20.020
Andre inntekter og kostnader som kan verta omklassifisert til resultat							
Verdiendring finansielle eignelutar rekneskapsført til verkeleg verdi over utvida resultat		128	-235	35	128	-235	35
Skatt på andre inntekter og kostnader som kan verta omklassifisert til resultat		-32	59	-9	-32	59	-9
Sum postar som kan verta omklassifisert til resultat		96	-176	26	96	-176	26
Sum utvida resultat		10.907	3.474	20.046	10.907	3.474	20.046
Totalresultat		33.456	24.466	110.924	33.495	24.541	109.984

VOSS SPAREBANK

BALANSE

Tal i heile tusen kroner

		Morbank			Konsern		
Balanse	Notar	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Eignelutar							
Kontantar og fordringar på sentralbankar		402.008	394.697	398.511	402.008	394.697	398.511
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amortisert kost		229.782	148.085	125.037	229.782	148.085	125.037
Utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 3,5,6	3.795.163	3.501.696	3.695.005	3.795.163	3.501.696	3.695.005
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 3,5,6	1.490.197	1.461.632	1.504.682	1.429.687	1.406.845	1.444.172
renteberande verdipapir	Note 8	524.433	415.759	540.253	524.433	415.759	540.253
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	Note 8	259.861	270.645	249.866	259.889	270.673	249.894
Eigarinteresser i konsernselskap	Note 2	27.857	27.796	27.857	0	0	0
Investeringsseigedom		0	0	0	33.853	27.614	33.853
Eigarnytta eigedom		20.367	20.549	21.253	39.637	40.477	40.523
Andre varige driftsmidar	Note 10	7.673	7.159	7.633	7.673	7.159	7.633
Eignelutar ved utsett skatt		170	80	170	446	0	446
Andre eignelutar		4.159	3.770	2.747	4.204	3.450	2.792
Sum eignelutar		6.761.670	6.251.868	6.573.014	6.726.775	6.216.455	6.538.119
Gjeld og egenkapital							
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amortisert kost		1.324	1.540	488	1.324	1.540	488
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost	Note 4	5.185.163	4.781.940	5.021.803	5.177.347	4.770.530	5.013.987
Gjeld stifta ved utføring av verdipapir	Note 9	302.887	303.201	303.289	302.887	303.201	303.289
Anna gjeld	Note 10	42.672	39.778	37.902	18.312	17.461	13.581
Pensjonsskyldnader		0	24	0	0	24	0
Avsetjing for skuldig skatt	Note 6	26.046	24.878	32.260	26.046	24.935	32.260
Avsetjingar på garantiar og unytta rammekredittar		498	340	647	498	340	647
Sum gjeld		5.558.590	5.151.701	5.396.389	5.526.414	5.118.031	5.364.252
Grunnfondskapital							
Sparebanken sitt fond		1.021.436	943.554	1.035.437	1.018.678	941.736	1.032.679
Gåvefond		20.000	23.000	13.000	20.000	23.000	13.000
Sum grunnfondskapital		1.041.436	966.554	1.048.437	1.038.678	964.736	1.045.679
Fond for verdjustering		139.095	112.621	128.188	139.095	112.621	128.188
Ikkje disponert overskot		22.549	20.992	0	22.588	21.067	0
Sum eigenkapital		1.203.080	1.100.167	1.176.625	1.200.361	1.098.424	1.173.867
Sum gjeld og eigenkapital		6.761.670	6.251.868	6.573.014	6.726.775	6.216.455	6.538.119

Styret i Voss Sparebank
14.mai 2025


Trond Syversen
- Styreleiar -


Helene Stråtveit
- Nestleiar -


Gunn Irene Hommedal Kvitne
- Styremedlem -


Knut Olav Røssland Nestås
- Styremedlem -


Olav Ejørgum
- Styremedlem -


Liv Randi Øvsthus
- Styremedlem -


Jørund Rong
- Administrasjonssjef -

VOSS SPAREBANK

EIGENKAPITALOPPSTILLING

I.kvartal 2025

	Sparebanken		Fond for	Sum
Morbank	sitt fond	Gåvefond	verdiregulering	eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	1.035.437	13.000	128.188	1.176.625
Resultat etter skatt	22.549			22.549
Verdiending aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat			10.811	10.811
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)			128	128
Skatt på verdiendring utlån			-32	-32
Totatresultat 31.03.2025	22.549	0	10.907	33.456
Disponering til gåver	-14.000	7.000		-7.000
Eigenkapital 31.03.2025	1.043.986	20.000	139.095	1.203.081
	Sparebanken		Fond for	Sum
Konsern	sitt fond	Gåvefond	verdiregulering	eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	1.032.679	13.000	128.188	1.173.867
Resultat etter skatt	22.588			22.588
Verdiending aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat			10.811	10.811
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)			128	128
Skatt på verdiendring utlån			-32	-32
Totatresultat 31.03.2025	22.588	0	10.907	33.495
Disponering til gåver	-14.000	7.000		-7.000
Eigenkapital 31.03.2025	1.041.267	20.000	139.095	1.200.362

I.kvartal 2024

	Sparebanken		Fond for	Sum
Morbank	sitt fond	Gåvefond	verdiregulering	eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	943.554	23.000	109.147	1.075.701
Resultat etter skatt	20.992			20.992
Verdiending aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.650	3.650
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)			-235	-235
Skatt på verdiendring utlån			59	59
Totatresultat 31.03.2024	20.992	0	3.474	24.466
Eigenkapital 31.03.2024	964.546	23.000	112.621	1.100.167
	Sparebanken		Fond for	Sum
Konsern	sitt fond	Gåvefond	verdiregulering	eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	941.736	23.000	109.147	1.073.883
Resultat etter skatt	21.067			21.067
Verdiending aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.650	3.650
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)			-235	-235
Skatt på verdiendring utlån			59	59
Totatresultat 31.03.2024	21.067	0	3.474	24.541
Eigenkapital 31.03.2024	962.803	23.000	112.621	1.098.424

Notar

Note 1 Generell informasjon

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert på Voss. Banken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden. Banken har hovudkontor og besøksadresse Vangsgata 18 på Voss.

NÆRSTÅANDE PARTAR

Voss Sparebank Eigedom AS (VSE)

(org nr 896 324 012)

Voss Sparebank Eigedom AS er eigd 100% av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er å eiga og drifta bankbygget i Vangsgata 18. VSE sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Voss Invest AS (VI)

(Org nr 945 665 343)

Voss Invest AS er eig 100% av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse. VI sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Jernvangen AS (JV)

(Org nr 945 418 311)

Jernvangen AS er 100% eigd av banken sitt dotterselskap Voss Invest AS. Banken har også tidlegare år vore deleigar i selskapet gjennom VI, men overtok i desember 2021 dei resterande lutane i selskapet. JV er eit eigedomsselskap som skal drifta og utvikla eigen næringsseigdom sentralt på Vossevangen.

Hanguren AS (HA)

(Org nr 930 300 322)

Hanguren AS er eig 100% av Voss Invest AS. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse.

Note 2 Rekneskapsprinsipp

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Frå og med rekneskapsåret 2020 vil banken utarbeida årsrekneskapen i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS), eit regelverk som er fastsett av EU i tråd med § 1-4, fyste og andre ledd b) i forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak.

Frå og med rekneskapsåret 2021 vert leigeavtalar rapporterte etter IFRS 16.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, har banken valt å rekneskapsføra utbyte og konserntilskot frå dotterselskap i samsvar med reglane i rekneskapslova.

Banken vil ikkje gje fylgjande notekrav etter IFRS:

1. IFRS 13. Det vert i staden gjeve opplysingar om verkeleg verdi i samsvar med forskrifta § 7-3.
2. IFRS 15.113-128.
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp (gjeldande frå 2020)

Konsolideringsprinsipp

Rekneskapsprinsippa vert nytta konsistent ved innarbeiding av eigarinteresser i dotterselskap, og er basert på dei same rapporteringsperiodane som for morbanken.

Konserninterne transaksjonar og konsernmellomverande, inkludert internforteneste og ikkje-realiserde vinstar og tap, vert eliminert ved utarbeiding av konsernrekneskapet.

Dotterselskap vert definert som selskap der morbanken kan utøva kontrollerande makt over drifta i selskapet (faktisk kontroll). Det føreligg kontroll når investor har makt over investeringsobjektet, er utsett for eller har rett til variabel avkastning frå investeringsobjektet, og har høve til å nytta makt til å styra aktivitetar hjå investeringsobjektet som i vesentleg grad kan påverka avkastinga.

Kontrollomgrepet fører med seg at konsolideringsplikt også må vurderast for eigarskap der banken ikkje har aksjemajoritet. I tillegg kan det i visse situasjonar henda at det vert konsolideringsplikt gjennom eit låneengasjement, dersom det ligg omfattande rettar i låneavtalen som er eigna til å gje kontroll. Slike rettar må avgrensast mot ordinære rettar banken har for å tryggja låneengasjement.

Dotterselskap vert konsolidert frå det tidspunktet den reelle kontrollen er ført over til konsernet.

Investeringar i dotterselskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden i selskapsrekneskapen.

Investering i tilknytt selskap

Tilknytt selskap er einingar der banken har monaleg innverknad, men ikkje kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigardel på mellom 20 % og 50 %). Rekneskapen inkluderer banken sin del av resultatet frå tilknytt selskap ført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunktet monaleg påverknad vert nådd og fram til slik påverknad opphøyrer.

Investeringseigedom

Investeringar i investeringseigedom vert gjort gjennom eigne dotterselskap. Desse verdiane kjem difor inn i banken sitt selskapsrekneskap gjennom aksjebeholdninga i dotterselskapa. Verdsetjinga av aksjane på kjøpstidspunktet baserer seg på marknadsværdien av den faste eigedommen med tillegg av eventuelle andre målbare eignelutar og frådrag av dotterselskapet si gjeld. Den vidare balanseføringa av desse aksjane vert gjort til historisk kostpris med frådrag for mogelege av- og nedskrivingar.

Segmentinformasjon

Driftssegment vert rapportert slik at dei er i samsvar med segmenta etter den interne rapporteringa i Voss Sparebank.

Inntektsføring

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette gjer at ein må inntektsføra renter løpande med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innafor forventa lengd på lånet. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuell restverdi ved utløp av forventa lengd på lånet.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for balansepostar som vert vurdert til amortisert kost og for balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat. For renteberande balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over resultatet, vert den nominelle renta inntektsført etter kvart, medan verdiendringar vert ført i rekneskapen ved slutten av perioden. Renteinntekter på nedskrivne engasjement vert rekna som effektiv rente av nedskriven verdi. Gebyr og provisjonar vert ført i resultatet etter kvart som tenesta vert ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar går inn i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost og vert ført som inntekt under netto renteinntekt etter effektiv rentemetode. Andre driftsinntekter inneheld mellom anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtjenester. Resultatføringa vert gjort når tenestene er levert.

Utbyte frå investeringar vert resultatført på det tidspunktet det er gjort vedtak om utbyte på generalforsamlinga.

Leigeinntekter vert ført som inntekt etterkvart som dei vert tent opp.

Finansielle instrument – rekna inn og rekna i frå

Finansielle eignelutar og plikter vert rekna inn når banken vert part i instrumenta sine villkår i kontrakt.

Finansielle eignelutar vert rekna i frå når dei rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eignelutane går ut, eller når føretaket overfører den finansielle eigneluten i ein transaksjon, der all eller tilnærma all risiko og mogleg vinst knytt til eigarskap av eigneluten vert overført.

Finansielle plikter vert rekna i frå på det tidspunktet rettane til villkåra er innfridd, avlyst eller gått ut.

Finansielle instrument – klassifisering

Ved fyrstegongsføring i rekneskapen, vert finansielle instrument klassifisert i ein av fylgjande kategoriar, avhenge av kva type instrument det er og føremålet med investeringa:

Finansielle eignelutar vert klassifisert i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultatet

Finansielle plikter vert klassifisert som:

- Finansielle plikter til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet
- Andre finansielle plikter målt til amortisert kost

I høve til klassifisering og måling krev IFRS 9 at alle finansielle eignelutar som er pengekrav, vert klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Verd Boligkreditt AS dersom lånegraden er under 75 %. Banken sin forretningsmodell tilseier at bustadlån som allereie er på banken sin balanse kan overførast til Verd Boligkreditt AS. Banken har sidan stiftinga av Verd Boligkreditt AS ført over nokre lån frå eigen balanse. Banken har difor valt å klassifisera utlån som kan overførast til Verd Boligkreditt AS, til verkeleg verdi over utvida resultat.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i samsvar med forretningsmodellen som styrer forvaltinga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrumenta som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsføremål.

Finansielle plikter vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I tilfelle der tidshorisonten for den finansielle plikta sitt forfallstidspunkt er relativt kort, vert den nominelle renta nytta ved utrekning av amortisert kost. Kategorien finansielle plikter til amortisert kost inneheld òg klassane innskott frå og plikter mot kundar og renteberande plikt som sertifikat- og obligasjonsskyldnadar.

Måling

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknader, vert fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med tilvising til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlar av finansielle instrument, utan frådrag frå transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å hente inn eksterne prisar, kursar eller renter, og desse prisane faktisk representerer reelle marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsetjingsmetode. Slike verdsetjingsmetodar omfattar bruk av nyleg gjennomførte marknadstransaksjonar som er gjort på armlengd avstand mellom velinformerte og friviljuge partar om ein har slike tilgjengeleg. Elles til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk tala er det same, diskontert kontantstraumutrekning eller andre verdsetjingsmodellar. Dersom observerte marknadsprisar er tilgjengelege for variablar som går inn i verdsetjingsmodellane, så skal desse nyttast.

Ein analyse av verkeleg verdi av finansielle instrument og fleire detaljar om målinga av desse, vert oppgjeve i eigen note i samband med framlegging av årsrekneskapen for 2020.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert målt til amortisert kost, og inntektene vert rekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa lengd.

Kontantstraumane inneheld gebyr ved etablering og transaksjonskostnader som ikkje vert betalt av kunden direkte, i tillegg til eventuell restverdi ved utløp av forventa lengd. Amortisert kost er noverande verdi av slike kontantstraumar, diskontert med den effektive renta.

Måling av finansielle garantiar

Utfærda finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved fyrste gongs rekneskapsføring vert sett på som motteke motyting for garantien. Ved etterfylgjande måling vert utfærda finansielle garantiar vurdert til den høgaste summen av motteke motyting for garantien, med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og beste estimat for motyting ved eventuell innfriing av garantien.

Nedskriving av finansielle eignelutar

Under IFRS 9 skal tapsavsetjingane reknast inn ut i frå forventa tap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eignelutar omfattar dei eignelutane som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi, med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje vert målt til verkeleg verdi over resultatet, og krav på leigeavtalar omfatta.

Ved fyrstegongs balanseføring skal det verta sett av tap for tilsvarande forventa tap på 12 månader. Forventa tap på 12 månader er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumenta men som kan knytast til hendingar som skjer dei fyrste 12 månadene.

Dersom kredittrisikoen for ein eignelut eller ei gruppe av eignelutar vert rekna for å ha auka vesentleg sidan fyrstegongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetjing som tilsvarar heile den forventa levetida til eigneluten. Dersom det oppstår eit tap, skal renteinntektene reknast inn ut i frå bokført sum etter justering for tapsavsetjing.

Banken nyttar ein tapsmodell som er utvikla av Tietoevry AS, der banken avgjer alle føresetnader for utrekning av tap. Modellen byggjer på kunde- og kontohistorikk for heile kredittporteføljen til banken, utlån, kredittrammer og garantiar. Tapestimata er basert på 12 månaders og livslang sannsyn for misleghald frå kunden (probability of default - PD), tap gjeve misleghald (loss given default – LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default - EAD).

Banken grupperer utlåna i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på starttidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen:

Steg 1:

Dette er startpunktet for alle finansielle eignelutar omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikkje har ein vesentleg høgare kredittrisiko ved fyrstegongs innrekning får ei avsetjing for tap som tilsvarar 12 månaders venta tap.

Steg 2

Steg 2 i tapsmodellen er eignelutar som på balansedagen har ei vesentleg auke i kredittrisiko sidan fyrstegongs innrekning, men der det ikkje er objektive prov for tap. For desse eignelutane skal det setjast av for venta tap over levetida til instrumentet. Avgrensing mot steg 1 er definert ved å ta utgangspunkt i om engasjementet sitt rekna sannsyn for misleghald (PD) har auka vesentleg. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko som kvantitative vilkår ut i frå observert endring etter banken sitt risikoklassifiseringssystem. Risikoklassifiseringssystemet klassifiserer alle engasjement i 11 risikoklassar. Risikoklasse A har lægst risiko, og risikoklasse K omfattar engasjement med misleghald. Basert på risikoklassifiseringa, er det definert fylgjande risikogrupper:

- Risikogruppe Låg : Risikoklasse A til D
- Risikogruppe Middels : Risikoklasse E til G
- Risikogruppe Høg : Risikoklasse H til J
- Kunder i misleghald : Risikoklasse K

Fylgjande kriterium må vera oppfylt for at ein skal sjå på auka kredittrisiko som vesentleg:

- Endring frå Risikogruppe Låg til Risikogruppe Middels med minst 2 klassar auke
- Endring innan Risikogruppe Middels og Risikogruppe Høg med minst 2 klassar auke
- Misleghald over 30 dagar

Steg 3

Eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan fyrstegongs innrekning, og der det er objektive prov på tap på balansedagen, vert klassifisert under steg 3. For desse eignelutane skal det setjast av forventa tap over levetida. Alle engasjement i risikoklasse K (misleghald), kjem inn under steg 3-berekninga.

Utrekning av sannsyn for misleghald, PD

PD vert rekna i egne modellar levert av Tietoevry AS. Ut frå intern og ekstern informasjon, vert det rekna 12 månadar forventa sannsyn for misleghald. Misleghald er definert ut frå Basel-definisjon med 90-dagar betalingsmisleghald og andre vilkår under «unlikelyness to pay».

Utrekning av tap gjeve misleghald, LGD

Estimat for LGD er gjort ut i frå historiske tapstal for eigen og samanliknande bankar. Det er gjort egne estimat for person- og bedriftskundar.

Utrekning av eksponering ved misleghald, EAD

Estimat for eksponering ved misleghald er gjort med uteståande skuld justert for evt. konverteringsfaktorar for delar av løyvingar som ikkje er nytta.

Forventa tap på kreditt basert på forventningar til framtida

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon vert inkludert i vurderinga av venta tap på kreditt.

Forventningar til framtida er utleia av ein makromodell der det vert teke omsyn til tre scenario – base case, best case og worst case – for venta makroøkonomisk utvikling eit til tre år fram i tid. Variablane arbeidsløyse, oljepris, bustadprisar, hushaldningane si gjeld, bankane si utlånsrente og kronekursen inngår i modellen. Variablane er fordelt på fylker for personmarknaden og på bransjar for bedriftsmarknaden. Vekting av scenario vert gjort etter ekspertvurderingar.

Overtaking av eignelutar

Eignelutar som vert tekne over i samband med oppfylging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett ved overtakinga til verkeleg verdi. Slike eignelutar vert klassifisert i balansen etter arten sin. Etterfylgjande verdivurdering og klassifisering av resultateffektar fylgjer prinsippa for den aktuelle eigneluten.

Presentasjon av resultatpostar knytt til finansielle eignelutar og forpliktingar til verkeleg verdi

Realiserte vinstar og tap, samt endringar i estimerte verdier på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet vert teke med i rekneskapen under «Netto vinst/(tap) på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår.

Vinst, tap og verdiendringar på finansielle instrument vert klassifisert som verkeleg verdi over utvida resultat og vert ført over utvida resultat. Utbyte på aksjar og andre eigenkapitalinstrument vert ført over resultatet når banken sin rett til utbyte er slått fast.

Sikringsbokføring

Voss Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

Motrekning

Finansielle eignelutar og finansielle plikter vert motrekna og berre presentert når banken har ein juridisk rett til å motrekna som kan hevdast, og når banken har som føremål å gjera opp på nettogrunnlag. Inntekter og kostnader vert ikkje motrekna med mindre det vert kravd eller er tillate i samsvar med IFRS.

Valuta

Transaksjonar i utanlands valuta vert rekna til kursen på tidspunktet for transaksjonen. Pengepostar i utanlands valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytta kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs i utanlands valuta, vert rekna om til norske kroner ved å nytta valutakursen på tidspunktet for transaksjonen. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlands valuta, vert rekna til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar vert resultatført etter kvart i rekneskapsperioden.

Rekneskapet vert presentert i norske kroner.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre, og er vurdert til kostnaden ved nyskaffing med frådrag for samla avskrivningar og nedskrivningar. Kostnad for nyskaffing av varige driftsmidlar er prisen ved kjøp, inkludert avgift/skattar og kostnader direkte knytt til å setja anleggsmidla i stand til bruk. Utgifter som kjem til etter at driftsmiddelet er teke i bruk, slik som vedlikehald, vert resultatført, medan andre utgifter som ein forventar kjem til å gje framtidige økonomiske føremoner, vert balanseført. Det er nytta lineære avskrivningar for å dela kostprisen over brukstida til driftsmidla.

Nedskrivning av materielle og immaterielle eignelutar

Ved kvart rapporteringstidspunkt og om det ligg føre teikn til fall i verdien på materielle og ikkje-materielle eignelutar, vil den einskilde luten sin attvinnande verdi leggjast til grunn for storleiken på ei mogeleg nedskrivning. Attvinnande verdi er det høgaste av eigneluten sin verkelege verdi med fråtrekk av salskostnadar og bruksverdi. Eigneluten sin balanseførte verdi vert nedskriven dersom balanseført verdi er høgare enn estimert attvinnande sum.

IFRS 16 – Leigeavtalar

Ein leigeavtale vert klassifisert som finansiell leigeavtale dersom avtalen i det vesentlege overfører risiko og avkasting bunde til eigarskap. Andre leigeavtalar vert klassifisert som operasjonelle leigeavtalar.

IFRS 16 – Leigeavtalar vart implementert i banken sitt rekneskap med verknad frå og med rekneskapsåret 2021.

Standarden fastset prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og opplysningar om leigeavtalar. IFRS 16 fjernar skiljet mellom operasjonelle og finansielle leigeavtalar, og set ein felles rekneskapsmodell for slike avtalar. Leigeavtalar skal reknast inn i leigetakar sin balanse med ein bruksrett og ei tilhøyrande leigeplikt på tidspunktet der leigeavtalen trer i kraft.

Leigeplikta vert målt som noverdien av framtidige leigebetalningar i avtaleperioden diskontert ned med ei avtalt diskonteringsrente. Opsjonar i leigeavtalen skal takast omsyn til i utrekninga av leigeplikta sin noverdi dersom det er truleg at desse vil verta nytta. Leigebetalningar som tidlegare var ein del av banken sine driftskostnadar vert no erstatta med renter på leigeplikta og avskrivningar på bruksretten. Den samla kostnaden vert høgare dei fyrste åra av leigekontrakten (grunna høgare rentedel) og vidare fallande kostnad gjennom leigeperioden. Rentekostnadane vert utrekna ved å nytta ei avtalt diskonteringsrente på leigeplikta. Banken har valt å nytta «modifisert retrospektiv»-metode, noko som betyr at det ikkje vert utarbeida samanlikningstal for føregåande år. Ved implementering 1. januar 2021 balanseførde banken ei leigeplikt på 30,6 millionar kroner, rett til bruk-eigneluten er verdsett lik leigeplikta. Implementeringa har soleis ingen innverknad på eigenkapitalen. Sjå note 40 for meir informasjon om leigeavtalen.

Skattekostnad

Skattekostnad er sett saman av skatt som skal betalast og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnader mellom rekneskaps- og skatteverdi på eignelutar og skyldnader.

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsyn for at banken vil ha tilstrekkeleg overskot i seinare periodar til å gjera seg nytte av skattefordelen. Banken rekneskapsfører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har vorte sannsynleg at banken kan nytta seg av den utsette skattefordelen. På same vis vil selskapet redusera utsett skattefordel i den grada banken ikkje lenger ser det som sannsynleg at han kan gjera seg nytte av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt ut i frå forventa framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som mest sannsynleg er venta stadfesta, og som ein trur skal nyttast når det utsette skattefordelen vert realisert eller når det utsette skatten skal gjerast opp.

Skatt som skal betalast og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer eg til eigenkapitaltransaksjonar.

Pensjonsskyldnader

Pensjonskostnadar og -skyldnader fylgjer IAS 19. I 2015 gjorde banken om den kollektive ytingsbaserte ordninga til ei innskotsbasert ordning for alle tilsette. Banken har i tillegg AFP-ordning. For innskotsordninga betalar banken innskot til eit privat administrert livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen ytterlegare betalingsforskyldnader etter at innskota er betalt. Innskota vert løpande ført som lønskostnad.

AFP-ordninga vert behandla rekneskapsmessig som innskotsordninga.

Avsetjing for skyldnadar

Avsetjingar for skyldnadar er innarbeidd i balansen i samsvar med IAS 37. Avsetjingar vert rekna inn når det er truleg at banken må gjera opp ei eksisterande skyldnad, som er ei følge av ei tidlegare hending, og skyldnaden kan estimerast påliteleg. Føreslege utbyte og gåver som ikkje er formelt vedteke på balansedagen tilfredsstiller ikkje vilkåra for kva som er ein skyldnad.

Hendingar etter balansedagen

Ny informasjon om selskapet si finansielle stilling på balansedagen, som kjem etter balansedagen, er teke omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida, vert det opplyst om dersom det er vesentleg.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i brutto kontantstraumar frå operasjonelle investerings- og finansieringsaktivitetar. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som løpande renter knytt til utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, samt utbetalingar som er generert frå omkostningar knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigendomar. Kontantstraumar frå utlåns- og innskotsverksemda, opptak og nedbetaling av ansvarlege lån og obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvide midlar omfattar kontantar, fordringar på Noregs Bank og fordringar på finansinstitusjonar utan oppseiingstid.

NOTE 3

UTLÅN FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	Morbank			Konsern		
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Landbruk	380.262	324.395	370.610	380.262	324.395	370.610
Industri og bergverk	40.220	56.064	46.497	40.220	56.064	46.497
Bygg og anlegg	105.550	122.654	112.611	105.550	122.654	112.611
Varehandel	98.480	134.875	104.679	98.480	134.875	104.679
Transport	21.856	19.721	21.257	21.856	19.721	21.257
Overnatting og servering	75.741	73.053	68.811	75.741	73.053	68.811
Omsetjing og drift av fast eigedom	559.372	513.252	569.052	498.862	458.465	508.374
Fagleg og finansiell tenesteyting	23.486	28.238	24.117	23.486	28.238	24.117
Forretningsmessig tenesteveytig	46.692	43.189	47.312	46.692	43.189	47.312
Anna tenesteyting	81.677	90.701	83.229	81.677	90.701	83.229
Sum næringskundar	1.433.336	1.406.142	1.448.175	1.372.826	1.351.355	1.387.497
Personkundar	3.886.962	3.606.727	3.791.481	3.886.962	3.606.727	3.791.481
Brutto utlån til kundar	5.320.298	5.012.869	5.239.656	5.259.788	4.958.082	5.178.978
Steg 1 nedskrivingar	6.635	5.705	5.396	6.489	5.705	5.250
Steg 2 nedskrivingar	4.314	8.715	8.926	4.314	8.715	8.926
Steg 3 nedskrivingar	25.989	36.976	27.772	25.989	36.976	27.772
Tilbakeført nedskriving for lån til verkeleg verdi trinn I (OCI)	-2.253	-1.855	-2.125	-2.253	-1.855	-2.125
Sum nedskrivingar	34.685	49.541	39.969	34.539	49.541	39.823
Netto utlån til kundar	5.285.613	4.963.328	5.199.687	5.225.249	4.908.541	5.139.155
Utlån formidla via Verd Boligkreditt AS	256.917	254.484	272.326	256.917	254.484	272.326
Samla utlån medrekna portefølje i bustadkredittføretak	5.542.530	5.217.812	5.472.013	5.482.166	5.163.025	5.411.481

NOTE 4

INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	Morbank			Konsern		
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Landbruk	226.151	211.902	170.729	226.151	211.902	170.729
Industri og bergverk	71.770	55.660	78.865	71.770	55.660	78.865
Bygg og anlegg	154.929	158.273	151.512	154.929	158.273	151.512
Varehandel	80.310	74.989	93.732	80.310	74.989	93.732
Transport	48.641	50.096	54.149	48.641	50.096	54.149
Overnatting og servering	22.550	22.034	28.577	22.550	22.034	28.577
Omsetjing og drift av fast eigedom	110.531	110.504	120.761	107.141	105.723	117.371
Fagleg og finansiell tenesteyting	120.319	94.625	117.419	115.893	87.996	112.993
Forretningsmessig tenesteveytig	31.515	29.591	25.655	31.515	29.591	25.655
Anna tenesteyting	319.050	229.332	305.524	319.050	229.332	305.524
Sum næringskundar	1.185.766	1.037.006	1.146.921	1.177.950	1.025.596	1.139.105
Personkundar	3.999.397	3.744.934	3.874.882	3.999.397	3.744.934	3.874.882
Sum innskot fra kundar	5.185.163	4.781.940	5.021.803	5.177.347	4.770.530	5.013.987

NOTE 5

Kreditsvekka engasjement

Banken deler kreditsvekka engasjement inn i tre grupper.

Mislegheldne engasjement over 90 dagar : Dette er engasjement som har vore mislegheldne i 90 dagar eller meir.

Andre tapsutsette engasjement : Dette er lån som har fått vesentleg betalingslette og andre engasjement der banken har gjort individuell avsetjing for tap.

Engasjement med betalingslette elles: Engasjement med betalingslette ikkje medrekna ovanfor.

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Mislegheldne engasjement over 90 dagar (trinn 3)						
Brutto mislegheldne engasjement - personmarknad	6.801	6.916	3.430	6.801	6.916	3.430
Brutto mislegheldne engasjement - bedriftsmarknad	796	1.813	3.860	796	1.813	3.860
-Nedskrivingar i steg 3	1.350	2.119	2.879	1.350	2.119	2.879
Netto mislegheldne engasjement	6.247	6.610	4.411	6.247	6.610	4.411
Andre tapsutsette engasjement						
Brutto tapsutsette ikkje mislegheldne engasjement - privat	3.795	8.345	14.691	3.795	8.345	14.691
Brutto tapsutsette, ikkje mislegheldne engasjement - bedrifter	57.815	59.181	60.720	57.815	59.181	60.720
-Nedskrivingar i steg 3	24.639	34.857	24.975	24.639	34.857	24.975
Netto tapsutsette engasjement	36.971	32.669	50.436	36.971	32.669	50.436
Lån med betalingslette elles						
Personmarknad	65.265	69.832	63.087	65.265	69.832	63.087
Bedriftsmarknad	4.582	5.480	14.542	4.582	5.480	14.542
SUM lån med betalingslette elles	69.847	75.312	77.629	69.847	75.312	77.629

Note 6**Nedskrivning på utlån, garantiar, unyttta kredittar og lånetilsagn****PM****Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån**

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	2.231	1.219	1.764	5.214
Overført til trinn 1	242	-171	-72	-1
Overført til trinn 2	-67	67	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	-79	80	1
Netto endring innanfor kvart trinn	-341	201	802	662
Tapsvurdering, nye lån	412	0	0	412
Tapsvurdering, avgang lån	-131	-214	-528	-873
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	2.346	1.023	2.046	5.415

Volumendring balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3.463.495	309.638	17.979	3.791.112
Overført til trinn 1	159.070	-149.116	-9.954	0
Overført til trinn 2	-77.717	77.717	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	-5.258	5.258	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-41.018	-2.572	-12	-43.602
Tapsvurdering, nye lån	361.452	185	0	361.637
Tapsvurdering, avgang lån	-204.377	-15.211	-3.431	-223.019
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	3.660.905	215.383	9.840	3.886.128

Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	35	3	0	38
Overført til trinn 1	2	-2	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-3	2	0	-1
Tapsvurdering, nye lån	1	0	0	1
Tapsvurdering, avgang lån	-4	0	0	-4
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	31	3	0	34

BM**Endring i tapsavsetjinger balanseførde lån**

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3.165	7.707	25.891	36.763
Overført til trinn 1	249	-250	0	-1
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-281	-2.212	174	-2.319
Tapsvurdering, nye lån	1.200	109	700	2.009
Tapsvurdering, avgang lån	-44	-2.063	-60	-2.167
Konstatert tap	0	0	-2.900	-2.900
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	4.289	3.291	23.805	31.385

Volumendring balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	1.111.267	277.020	60.523	1.448.810
Overført til trinn 1	41.633	-41.633	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-8.855	-51.023	-38	-59.916
Tapsvurdering, nye lån	132.598	7.313	1.599	141.510
Tapsvurdering, avgang lån	-31.750	-60.955	-1.803	-94.508
Konstatert tap	0	0	-1.723	-1.723
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	1.244.893	130.722	58.558	1.434.173

Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	99	311	198	608
Overført til trinn 1	4	-4	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-1	-39	-45	-85
Tapsvurdering, nye lån	6	0	0	6
Tapsvurdering, avgang lån	-1	-9	-55	-65
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	107	259	98	464

Endring resultat

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	5.530	9.240	27.853	42.623
Overført til trinn 1	497	-427	-72	-2
Overført til trinn 2	-67	67	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	-79	80	1
Netto endring innanfor kvart trinn	-626	-2.048	931	-1.743
Tapsvurdering, nye lån	1.619	109	700	2.428
Tapsvurdering, avgang lån	-180	-2.286	-643	-3.109
Fjerna nedskrivning grunna konstatering av tap	0	0	-2.900	-2.900
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Endring i amortisering frå 31.12.	0	0	-360	-360
Utgående balanse	6.773	4.576	25.589	36.938
Amortisering	0	0	261	261
Konstaterte tap	0	0	2.077	2.077
Inngang tidlegare konstaterte tap	0	0	-44	-44
Resultatført tap	1.243	-4.664	30	-3.391

NOTE 7

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALDEKNING

	Morbank			Konsern		
ansvarleg kapital	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Sparebanken sitt fond	1.021.436	943.554	1.028.437	1.018.678	941.737	1.024.893
Gåvefond	20.000	23.000	20.000	20.000	23.000	20.000
Fond for verdijusteringar	138.998	112.621	128.188	138.998	112.621	128.188
Sum bokført eigenkapital	1.180.434	1.079.175	1.176.625	1.177.676	1.077.358	1.173.081
Framlegg til disponering for ålmennyttige føremål	-	-	10.000	-	10.000	7.000
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-158.538	-131.428	-147.463	-158.538	-131.428	-147.463
Verdijustering for krav om forsv. verdifastsetjing	-4.579	-4.190	-4.487	-4.579	-4.190	-4.487
Rein kjernekapital	1.017.317	933.557	1.017.675	1.014.559	931.740	1.014.131
Fondsobligasjonar	-	0	-	-	0	-
frådrag i kjernekapital	-	0	-	-	0	-
Kjernekapital	1.017.317	933.557	1.017.675	1.014.559	931.740	1.014.131
ansvarleg lånekapital	-	0	-	-	0	-
frådrag i tilleggskapital	-	0	-	-	0	-
Ansvarleg kapital	1.017.317	933.557	1.017.675	1.014.559	931.740	1.014.131
Eksponeringskategori (vekta verdi)						
Statar	-	-	-	-	-	-
Lokale/regional styresmakter	37.848	23.186	37.038	37.848	23.186	37.038
Offentleg eigde føretak	-	-	-	0	-	-
Institusjonar	78.257	58.351	57.230	78.257	58.351	57.230
Føretak	64.839	90.685	44.883	64.839	90.685	44.883
Massemarknad	317.055	640.327	313.477	317.055	640.327	313.477
Pant i fast eigedom	2.104.573	1.735.675	2.077.418	2.093.647	1.680.661	2.027.685
Forfalte engasjement	46.703	127.078	65.314	46.703	127.078	65.314
Engasjement med høg risiko	10.786	22.506	3.585	10.786	22.506	3.575
Obligasjonar med fortrinnsrett	31.189	14.085	34.336	31.189	14.085	34.336
Fordr. på institusjonar/føretak med korts. rating	-	-	-	-	-	-
Lutar verdipapirfond	-	45.000	-	0	45.000	-
Eigenkapitalposisjonar	303.064	268.593	292.972	275.207	265.683	271.962
Andre engasjement	46.917	44.708	42.640	100.040	112.799	90.182
CVA-tillegg	-	-	-	-	-	-
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	3.041.231	3.070.194	2.968.893	3.055.571	3.080.361	2.945.682
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	324.661	268.246	324.661	324.661	268.246	324.661
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-158.538	-131.428	-147.463	-158.538	-131.428	-147.463
Utrekningsgrunnlag	3.207.354	3.207.012	3.146.091	3.221.694	3.217.179	3.122.880
Rein kjernekapitaldekning %	31,72 %	29,11 %	32,35 %	31,49 %	28,96 %	32,47 %
Kjernekapitaldekning %	31,72 %	29,11 %	32,35 %	31,49 %	28,96 %	32,47 %
Kapitaldekning %	31,72 %	29,11 %	32,35 %	31,49 %	28,96 %	32,47 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	15,23 %	15,17 %	15,67 %	15,27 %	15,13 %	15,69 %
Konsolidering av samarbeidande grupper						
Ansvarleg kapital	1.147.223	1.046.423	1.146.264	1.144.465	1.044.605	1.144.446
Kjernekapital	1.134.018	1.034.555	1.133.055	1.131.260	1.032.737	1.131.237
Rein kjernekapital	1.121.760	1.021.282	1.120.796	1.119.002	1.019.464	1.118.978
Utrekningsgrunnlag	3.755.386	3.749.822	3.709.961	3.769.726	3.743.810	3.686.759
Kapitaldekning i %						
Kapitaldekning %	30,55 %	27,91 %	30,90 %	30,36 %	27,90 %	31,04 %
Kjernekapitaldekning %	30,20 %	27,59 %	30,54 %	30,01 %	27,59 %	30,68 %
Rein kjernekapitaldekning %	29,87 %	27,24 %	30,21 %	29,68 %	27,23 %	30,35 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	14,82 %	14,53 %	15,61 %	14,86 %	14,53 %	15,31 %

I) Samarbeidande grupper er i dette høvet

- Verd Boligkreditt - banken eig 0,94% av selskapet

NOTE 8

VERDSETJINGSHIEARKI FINANSIELLE INSTRUMENT TIL VERKELEG VERDI

31.12.2024	Konsern			Sum
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi				
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.695.005	3.695.005
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultat		540.253		540.253
Rentefond til verkeleg verdi over resultat		0		0
Aksjer til verkeleg verdi over resultat	4.033			4.033
Aksjer til verkeleg verdi over utvidet resultat	68.836		176.997	245.833
Sum	72.869	540.253	3.872.002	4.485.124

31.03.2025	Konsern			Sum
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi				
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.795.163	3.795.163
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultat		524.433		524.433
Rentefond til verkeleg verdi over resultat		0		0
Aksjer til verkeleg verdi over resultat	2.691			2.691
Aksjer til verkeleg verdi over utvidet resultat	79.029		178.141	257.170
Sum	81.720	524.433	3.973.304	4.579.457

Avstemming av nivå 3	Utlån til kundar	Aksjar	Sum nivå 3
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.12.2024	3.695.005	176.997	3.872.002
Realisert vinst/tap	823	0	823
Urealisert vinst/tap ført mot resultat	-1.314	0	-1.314
Urealisert vinst/tap ført mot utvidet resultat	128	-291	-163
Kjøp verdipapir / nye lån	85.112	1.435	86.547
Tilbakekjøp / sal	15.409	0	15.409
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.03.2025	3.795.163	178.141	3.973.304
Avstemming	0	0	0

Verkeleg verdimålaingar og opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellene vert det nytta følgjande inndelingar i nivå:

Nivå 1: I nivå 1 ligg finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av noterte prisar i aktive marknader for like eignelutar og skyldnader. I denne kategorien ligg børsnoterte aksjer, sertifikat og statsobligasjonar som vert omsett i aktive marknader.

Nivå 2: I nivå 2 ligg finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av informasjon som ikkje har noterte prisar, men der prisar er direkte eller indirekte observerbare for eignelutar og skyldnader, inkludert noterte prisar frå ikkje aktive marknader for like eignelutar og skyldnader. I kategorien ligg sertifikat og obligasjonar som vert omsett i ikkje aktive marknader.

Verdivurderinga i nivå 2 baserer seg i hovudsak på observerbar marknadsinformasjon i form av rentekurver, valutakursar og kredittmarginar til dei ulike sertifikat og obligasjonane.

Nivå 3: I nivå 3 ligg finansielle instrument som ikkje kan verdsetjast ut frå direkte og indirekte observerbare prisar. I Her ligg aksjer som ikkje vert omsett i aktive marknader og utlån til kundar som ligg i IFRS 9 kategorien "Verkeleg verdi over utvida resultat".

Verdivurderinga i nivå 3 byggjer på vurdering av eignelutar og gjeld i selskap, forventanta kontantstraumar, og andre verdsetjingsmodellar som byggjer på opplysningar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare. Utlån i kategorien "Verkeleg verdi over utvida resultat" vert nedskrive i tråd med reglane for amortisert kost etter IFRS 9. Nedskrivninga i steg 1 er modellutrekna og vil truleg ikkje påverke verdien av utlånet ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi på utlån til "Verkeleg verdi over utvida resultat" er soleis vurdert til amortisert kost utan nedskrivning i steg 1.

Banken sine verdsetjingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der dette er tilgjengelig og byggjer minst mogeleg på banken sine egne vurderingar.

NOTE 9

VERDIPAPIRGJELD

Verdipapirgjeld	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rentevilkår
				31.03.2025	31.03.2024	
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0010874381	04.02.2020	04.02.2025	150.000	0	100.000	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
NO0011117210	07.10.2021	07.10.2025	150.000	100.000	100.000	3 mnd. NIBOR + 0,47 %
NO0013116384	11.01.2024	11.01.2027	100.000	100.000	100.000	3 mnd. NIBOR + 0,86 %
NO0013460733	17.01.2025	17.11.2027	150.000	100.000	0	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
Periodiserte renter på verdipapirgjeld				2.887	3.201	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				302.887	303.201	

Endringer i verdipapirgjeld hittil i år	Nye lån		Innfriingar		Andre endringer	Endring balanse hittil i år
Sertifikatgjeld	-	-	-	-	-	-
Obligasjonsgjeld	100.000	-	100.000	-	314	-
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	100.000	-	100.000	-	314	-

NOTE 10

IFRS 16 LEIGEAVTLAR

Ved implementering av ny ti års leigeavtale mellom Voss Sparebank og Voss Sparebank Eigedom AS med rekneskapsstandar IFRS16 vert det endringar i balansen for banken. Eigendel i balansen vert auka med 30,6 mill., tilsvarande bruksverdien av leigeavtalen og gjeld i balansen vert auka med 30,6 mill., tilsvarande leigeforpliktinga i ny leigeavtale. Effekten av endra eigendel i balanse gjev òg ein effekt på kapitaldekninga, denne vert som fylgje av implementeringa redusert med 31 punkt.

Det er nytta ein neddiskonteringsrente på 4,0 % i nettonåverdiberekninga på avtalen mellom Voss Sparebank og Voss Sparebank Eigedom. Banken har berre éin leigeavtale og årleg leigesum utgjer 4.284.000.

Leigeskuldnadar	31.03.2025
Inngåande balanse	22.781
Husleigebetaling	- 1.071
Kapitalisert rente	225
Utgåande balanse	21.935

Balanseførd bruksrett	31.03.2025
Inngåande balanse	21.253
Avskrivingar	- 888
Utgåande balanse	20.365

Resultatpostar	31.03.2025
Avskriving bruksrett	886
Rentekostnad leieforpliktingar	225
Sum rente- og avskrivingskostnadar bankbygg	1.111

